

Til Kommunalavdeling for tekniske saker i Meland kommune
v/ K. Nåmdal
5918 Frekhaug

Innspill i samband med høyring av Kommuneplanen 2014-2026.

Myrtveit Bygdehus(lag) ønskjer at ovannemde kommuneplan kan ta inn eit nytt lite bustadfelt, 3-5 bustader, på grnr. 31 brnr. 1. Dette har ein også teke opp for nokre år attende, men har ikkje vorte teke til følgje.

Det er eit lite bustadområde mellom Gripen og Håtuft på 5 tomtar. 3 av desse er busett.

Det "nye" området som bygda ønskjer , er mellom eksisterande felt og Myrtveit Bygdehus. Området på kartet som vert vist til er noko stort, men omrisset er meint, først og fremst, å visa området vendt mot Myrtveittjørna.

Myrtveit Bygdehus er eigd av bygdene Gripen, Håtuft,Hestdal og Myrtveit. Huset og skuleplassen er viktige arenaer for bygda.

Det er viktig for desse bygdene å sikra små bustadområder slik at ein kan oppretthalda ein befolkning i alle aldrar.

Myrtveit 30.sept. 2014.

Helsing

Styret for Myrtveit Bygdehus



Sølvi Knudsen

Sekr.

